

# Leikedag og bok/speledag:

I barneråd har ungane uttrykt at **leikdag/ha med dag** er viktig for dei, slik at dei kan vise ein leike, ei bok eller prøve ut eit spel saman med vener i barnehagen. For alle har ikkje lik muligheit til å besøke kvar andre, noko som gjer at vi vil bruke meir tid på dette i våre planar.

Difor legg vi opp til leikedag eller bok/speledag annankvar Fredag. Dagen blir lagt opp på ein litt annan måte enn ein vanleg barnehagedag:

Når barna kjem om morgonen blir leiken/boka/spelet plassert på ei hylle eller bord i avdeling, då kan ein sjå dei forskjellige leikane/bøkene/spela barna har med seg. Vi tek leikane fram i samling, då får ein vise fram og fortelje kva ein har med seg. Etter samling delar vi inn i forskjellige grupper saman med vaksne der barna får nytte det dei har med seg.

Viktig at de merkar det ungane har med seg!

Våpen leikar er ikkje tillat!